

Foiler ned til en foil. Har også nye Skyss maler:)



**MOK - Skyss**  
Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2020/121-2  
**Saksbehandlar:** Vigdis Robak Bjørgo

---

### **Saksgang**

<b>Utv.</b>	<b>Utv.saksnr.</b>	<b>Møtedato</b>
<b>Hovudutval for samferdsel og mobilitet</b>		<b>17.02.2021</b>
<b>Fylkesutvalet</b>		<b>02.03.2021</b>
<b>Fylkestinget</b>		<b>09.03.2021</b>

---

### **Handlingsprogram for kollektiv - tiltak 2021**

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek gjennomføring av tiltak for kollektiv 2021 slik det kjem fram i saka. Tiltaka følgjer opp dei to gjeldande styringsdokumenta Regional transportplan for Sogn og Fjordane og Kollektivstrategi for Hordaland, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023, samt nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

#### **Samandrag**

I denne saka gir fylkesrådmannen ei samla oversikt av planlagde tiltak for kollektiv og mobilitet i Vestland 2021. Tiltaka byggjer på dei to gjeldande styringsdokumenta Kollektivstrategi for Hordaland og Regional transportplan for Sogn og Fjordane, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023. I tillegg kjem nye tiltak som oppfølging av politiske vedtak frå 2020.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I sak om «Handlingsprogram for kollektiv 2020-2023», fatta fylkestinget i mars 2020 følgjande vedtak (PS-9/2020):

1. *Fylkesutvalet vedtek eit første handlingsprogram for kollektiv i Vestland som i overgangen byggjer vidare på dokumenta frå dei to føregåande fylka.*
2. *Fylkesutvalet vedtek å rullere Handlingsprogram for kollektivstrategien for perioden 2020-2023, i tråd med handlingsprogram frå Hordaland fylkeskommune.*
3. *Fylkesutvalet stiller seg bak at det blir arbeidd vidare med kollektivtiltak i tråd med Handlingsprogrammet for Regional transportplan 2020-2023 i tråd med handlingsprogram frå Sogn og Fjordane*

Arbeidet med ny kollektivstrategi for Vestland i gong, med arbeidstittel «strategi for berekraftig mobilitet» (jf. SAMO, PS-5/2021). Strategiarbeidet er knytt opp mot Regional Transportplan for Vestland, som etter planen skal vedtakast med handlingsprogram i fylkestinget i desember 2021.

I denne saka gir fylkesrådmannen ei samla oversikt av planlagde tiltak for kollektiv og mobilitet i Vestland 2021. For 2021 vil planlagde tiltak framleis bygge på dei to gjeldande styringsdokumenta Kollektivstrategi for Hordaland og Regional transportplan for Sogn og Fjordane, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023. I tillegg kjem nye tiltak knytt til politiske vedtak frå 2020.

Hovudmålet i RTP for Sogn og Fjordane 2018-2023 for kollektivtrafikken er at «kollektivtilbodet skal vere godt og tenleg for alle innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og for alle som vitjar eller er på gjennomreise i fylket», med følgjande delmål:

- Det skal vere enkelt å reise kollektivt
- Det skal vere eit heilskapleg rutesystem som heng saman med høvelege korrespondansar og enkelt omstiging på korrespondansepunkt
- Viktige knutepunkt, terminalar og transportmateriell skal vere universelt utforma og skal opplevast som effektive og attraktive for dei reisande
- Kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane skal vere innretta slik at det når flest mogleg
- Gravis reduksjon i klimagassutslepp i samband med framtidige anbod for å nå målet om tilnærma nullutslepp i kollektivtrafikken innan 2050

Overordna mål for kollektivstrategi for Hordaland er «å ta veksten i persontrafikken med miljøvenlege transportformer i byområda, og sikre mobilitetstilbod for innbyggjarane i fylket». Dei strategiske grepene for å nå målet er:

- Best tilbod der flest reiser
- Enkle reiser
- Effektive reiser
- Miljøvenleg drift

Tiltaka speglar mål og strategiar frå dei to gjeldande styringsdokumenta, men strukturen i den samla gjennomgangen er noko tilpassa dei to gjeldande handlingsprogramma.

Når det gjeld infrastrukturtiltak for kollektiv, vert det vist til investeringsbudsjettet og kollektivtrafikktiltak 2021-2023, og Handlingsprogram for Miljøloftet 2021-2023.

Best tilbod der flest reiser og tilbod innretta slik at det når flest mogleg

### Årleg ruteendringsprosess

Årleg ruteendring skjer i hovudsak i samband med oppstart av haustrutene. Dette gjeld alle transportformer; buss, bane, båt og ferje. Grunnlaget for årlege ruteendring vert gjort med bakgrunn i innspel frå kommunar, dei reisande, operatørar, og faglege vurderingar basert på statistikk og kunnskap om tilboden. Arbeidet er ressurskrevjande, men stadig betre datagrunnlag og verktøy er tilgjengeleg og ein jobbar kontinuerleg med å systematisere dette arbeidet.

Det er lagt opp til ein føreseieleg og systematisk prosess for samarbeid med kommunane om utvikling av kollektivtilbodet, knytt til den årlege ruteendringsprosessen (jf. FUV, PS-188/2020). For 2021 er alle kommunar invitert til å gje innspel og prioritering til forbetringar i rutetilbodet i sine kommunar. Gjennom dialogen vil Skyss få innsikt i lokale forhold, utviklingsplanar, reisebehov og -

ønskjer som gir grunnlag for å vurdere forbetringar eller omprioriteringar. Andre og nye mobilitetsløysingar vil og kunne løftast inn som tema i denne dialogen.

#### *Kartlegging bestillingstransport*

Fleire kommunar er i dialog med Skyss for å få vurdert deler av tilbodet i kommunen som eit bestillingstilbod. Skyss vil i perioden (2021) gjennomføre kartlegging av kva kundegrupper og geografiske områder som kan vurderast for bestillingstransport, anten som fast rute etter bestilling eller som dynamisk rute etter bestilling. Føremålet med kartlegginga er både å sjå om ein kan levere eit betre tilbod til publikum og for å vurdere potensialet for å redusere kostnader og utslepp. Tiltaket følgjer opp verbalforslaget frå budsjetthandsaminga i fylkestinget desember 2019 om å utgreie moglegheiter og innsparringspotensiale i å innføre bestillingsruter for ruter med lite belegg.

#### *Planlegge pilot for aldersvennlig transport*

I tråd med politisk vedtak (SAMO, PS 34/2020) i Vestland fylkeskommune vil Skyss utvikle konsept for aldersvennlig transport i samarbeid med Bergen kommune. Det planlegges for oppstart av pilot hausten 2021. Sak med forslag til finansiering av pilot vil bli framlagt politisk våren 2021. Piloten er venta å gje grunnlag for vidare utvikling av tilbod retta mot denne målgruppa. Vidare vil det bli gjennomført ei utgreiing av nye moglege løysingar for ei busslinje i Bergen sentrum (jf. verbalforlag FTING PS-14/2019).

#### *Vidareføring pilotprosjektet «HentMeg»*

Pilotprosjektet i Odda basert på HentMeg og fleksible bestillingsruter starta mars 2020. Basert på evaluering av prosjektet vert piloten vidareført i 2021. Tilboden er i hovudsak retta mot born og unge for reiser ettermiddag og kveld. Prosjektet vil gi verdifull innsikt i reisevanar- og behov for denne målgruppa, samt tekniske løysingar og økonomiske forhold(SAMO, RS-76/2020). Skyss vil i 2021 kartlegge korleis tilsvarande konsept kan utvidast til andre geografiske områder.

#### *Utgreiing bestillingstransport i område med lågt transportgrunnlag*

Busskontrakten for Nordfjord går ut 2022 med moglegheit for to år med opsjon. Kontrakten omfattar kommunane Stad, Stryn, Hornindal og Kinn. I samband med førebuing av nytt anbod for Nordfjord, skal det gjennomførast ei utgreiing om bruk av bestillingstransport på ruter med lågt transportgrunnlag og lite belegg (jf SAMO, RS-17/2021). Føremålet med utgreiinga er å sjå på potensialet for å redusere kostnader og utslepp med å dreie tilboden frå faste turar til fleksible transportløysingar basert på etterspurnad, og samstundes kunne tilby eit like godt, eller betre mobilitetstilbod enn dagens rutetilbod. Vidare skal arbeidet kunne gi grunnlag for liknande vurderingar for andre område i Vestland fylkeskommune.

#### *Utgreiing om korrespondansar*

At kollektivtilboden utgjer eit heilskapleg nettverk, der dei reisande kan vere trygge på at reisa heng saman i gode korrespondansar, er viktig for at fleire skal kunne reise kollektivt. Ei fagutgreiing er under arbeid for å kartlegge utfordringar med korrespondansar, og gje grunnlag for vidare arbeid med å heve kvaliteten på rutetilboden (jf. verbalforlag FTING PS-14/2019). Utgreiinga vil og sjå på utfordringane med samordning og korrespondanse med kommersielle aktørar.

#### *Uttegning av autonome køyretøy*

Elektrifisering, digitalisering og autonomi heng saman og er sterke endringstrendar innan transport. Det er nødvendig å bygge kunnskap i eigen organisasjon på konsekvensar av desse trendane. For å bidra til innovasjon i, og digitalisering av transporttilboden vil Skyss i 2021 gjennomføre ein pilot for uttegning av autonom buss i Førde. Arbeidet skjer i tett samarbeid med Høgskulen på Vestlandet, Helse Førde, Sunnfjord kommune og lokalt næringsliv. Piloten vil tilby eit mobilitetstilbod i eit område som manglar dette i dag.

#### *Byvekstavtale for bergensområdet*

I 2020 vart byvekstavtalen for bergensområdet signert, og er ein avtale mellom staten, fylkeskommunane og kommunane Bergen, Alver, Askøy, Øygarden og Bjørnafjorden. Byvekstavtalen inneber mellom anna statlege belønningsmidlar til styrking av kollektivtrafikken, med årleg løyving til Skyss på 280 MNOK (2020 kr). Overordna rammer for bruk av belønningsmidlane er vedtatt i fylkesutvalet september 2020 (PS-188/2020). Midlane skal i hovudsak knytast til oppfølging av vedtekne og komande trafikkplanar, der det er behov for større tiltak. Kommunane skal involverast i arbeidet med utarbeiding av trafikkplanar og tiltak. I tillegg er det lagt opp til fast dialog og samhandling kring mindre tiltak for årlege ruteendringar.

#### *Bybanen - vidare utbygging*

Utbygging av bybanen inngår i Miljøloftet - byvekstavtalen. Bybanelinja til Fyllingsdalen skal etter planen stå ferdig og klar til drift siste halvår 2022, og reguleringsplan for bybane til Åsane er under arbeid. Knytt til planprosessane for nye bybanestrekninga er det behov for å ha eit langsiktig perspektiv på det samla kollektivnettet. Overordna planlegging av linjenett og tilbod er under arbeid, og skal mellom anna inngå som grunnlag i reguleringsplanarbeidet knytt til behov for infrastrukturtiltak for kollektivtransporten.

#### *Omlegging linjenett Bergen*

I samband med ferdigstilling av oppgradering av Olav Kyrres gate våren 2021, vil det bli gjennomført ei omlegging av linjenettet i Bergen. Største endring er forlenging av trolleylinja til Laksevåg/Lyngbø og omlegging av stamlinjene og korleis desse pendlar gjennom sentrumskjerna. Endringa inneber eit betre samspel mellom stamlinjene, enklare bytter mellom dei høgfrekvente linjene i Bergen sentrum og nye reisemoglegheiter. Tilboden vert samstundes styrka for å sikre kapasitet og i vareta behovet for gjennomgåande reiser mellom Åsane, Sandviken og Haukeland Universitetssjukehus, samt sikre kapasiteten i tilboden mellom Loddefjord og Bergen sentrum i rushperiodane. Tiltaka er finansiert gjennom Miljøloftet med bruk av belønningsmidlar (jf. FUV, PS-188/2020).

#### *Trafikkplan Bergen sør og Bergen vest*

Trafikkplan Bergen sør er under arbeid, med følgjande to hovudproblemstillingar; etablering av regionstamlinje Os-Bergen i samband med ny E39 Svegatjørn-Rådal og tilpassing av busstilboden til ny bybanelinje til Fyllingsdalen (jf. sak om oppstart FUV, PS-126/2020). Bjørnafjorden og Bergen kommune har deltatt med innspel til arbeidet, og vil få trafikkplanen til høyring før den vert lagt fram til politisk handsaming etter planen før sommaren 2021. Gjennomføring av tiltaka vert i 2022, ved planlagt ferdigstilling av dei to infrastrukturprosjekta.

Arbeidet med trafikkplan for området Bergen vest, Øygarden og Askøy er planlagt sett i gong i 2021. Planen vert sett i samanheng det omfattande infrastrukturprosjektet for nytt Sotrasamband og nye bybåtanbod. Kommunane vil bli involvert i arbeidet.

#### *Nye båtanbod Sogn og Fjordane*

Kontraktane for båtsamband mellom Bergen, Nordfjord og Sogn/Flåm, samt lokale båtruter i Sogn og Fjordane vil bli lyst ut i 2021 (jf. FUV, PS-3/2021). Anboda legg opp til å oppnå vesentlege reduksjonar i utslepp frå båttransporten, og der ein forventar hybridelektriske løysingar.

Ein vil i 2021 starte opp arbeidet med å greie ut korleis den planlagde skipstunellen gjennom Stadlandet bør nyttast til moglege framtidige båtruter, og søke eit samarbeid med Møre og Romsdal om dette.

#### *Nullutsleppspilot snøggbåt*

Vestland fylkeskommune har inngått eit samarbeid med fylkeskommunane Trøndelag, Nordland, og Troms og Finnmark for å leggje til rette for utvikling av utsleppsfrie snøggbåtar (jf. FUV, RS-3/2021). Målet for samarbeidet er å designe fartøy i to utviklingsløp - eit for å teste hydrogenteknologi og eit for å teste energieffektivisering - som skal resultere i 2-4 byggeklare design. Begge utviklingsløpa for piloten skal etter planen lysast ut i august 2021. Designfasen vil gå over heile eller delar av 2022, og bygging av pilotar er planlagt i 2023/2024. Sannsynleg pilotering av fartøya er år 2024. Fasane etter designfasen er med atterhald om statleg medfinansiering. Prosjektet har også ein ambisjon om å kartlegge og fasilitere utvikling av infrastruktur.

#### *Nytt anbod bybåtsambanda*

Førebuing av ny kontrakt for dei to bybåtsambanda mot Askøy og Alver er starta opp, og skal etter planen lysast ut i 2021. Det er gjennomført eit forprosjekt for å utgreie og avklare korleis ein kan sikre gode kai- og ladeløysingar innanfor gjeldande areal- og kostnadsrammer. I førebuingane vert det lagt til grunn at Askøysambandet blir elektrifisert og at begge sambanda får auka kapasitet (jf. [Trafikkplan båt, 2017, med politisk vedtak](#)). For Askøysambandet inneber det i utgangspunktet ei to-båtsløsing som gir moglegheit for høgare frekvens. Tiltaka vil gje auka kostnader, og føresett finansiering ut over dagens rammer for kollektivdrift.

#### *Utgreiing båtsamband Sotra-Bergen*

Ny utgreiing av båtsamband mellom Sotra og Bergen er under arbeid. Bergen kommune og Øygarden kommune deltar i prosjektgruppa. Utgreiinga byggjer vidare på rapporten som vart handsama i fylkesutvalet i 2020 (PS-73/2020), men er utvida med eit tidsperspektiv ut over

ferdigstilling av nytt Sotrasamband. Vidare skal ein vurdere moglegheit for null- og lågutsleppsløysingar. Arbeidet skal etter planen vere ferdig innan våren 2021.

#### *Utgreiing kollektivtrafikk på sjø*

Som del av grunnlaget for RTP for Vestland, vil det bli gjort ei utgreiing av kollektivtrafikk på sjø. Det vil bli gjennomført ei kartlegging av relevante og tilgjengelege fagrapportar om båttransport. Denne kartlegginga vil så danne grunnlag for å systematisere og kategorisere ulike val av kollektivtransport på sjø, med omsyn til formål og kvalitetar. Ein vil til dømes sjå på variablar som målgruppe, reisebehov, konsept knytt til teknologi, båttype m.v., og type transporttilbod.

#### *Evaluering ferjer Hordaland - ladetid og rutetilbod*

I 2021 vil elektrifisering av ferjesambanda i Hordaland vere fullført. Med elektrisk drift av alle sambanda på plass, vil det no bli gjort ei evaluering av ferjerutene med omsyn til ladetid og - kapasitet. Gjennom evalueringa vil Skyss i samarbeid med operatørane utforske høvet til å redusere ladetid, og som kan gi grunnlag for å utvide handlingsrommet for ruteendringar. Evalueringa vil bli lagt fram til politisk handsaming. (Jf. FUV, PS-193/2019.)

Det skal vere enkelt å reise kollektivt

#### *Felles merkevare for Vestland*

Fylkesutvalet vedtok i oktober 2020 at Skyss skal vere merkevarenamn for mobilitetseininga i Vestland fylkeskommune (PS 213/2020) Arbeidet med implementeringa av dette er underveis. Ny felles nettside er under utarbeiding, og me held fram med å gjere dei andre interne tilpassingane som må på plass før to merkevarer blir til ein. Skyss som ein merkevare vil tre i kraft i løpet av 2021.

#### *Felles billett- og prisstruktur i Vestland*

Etablering av ein merkevare medfører forventingar om felles billett- og prisstrukturar for dei ulike transportmidla i heile fylket. Første steg er ny takst/sone for buss Sogn og Fjordane, og dette arbeidet har starta opp. Utgangspunktet for arbeidet er modellen frå Hordaland, og dei erfaringane ein har gjort seg etter innføring i 2019.

Neste steg vert å utarbeide modell for felles prisstruktur for båt i Vestland. Planen er å starte dette arbeidet mot slutten av 2021.

#### *Framtidas digitale plattform*

Skyss har behov for å utvikle bindeleddet mellom dei som leverer transport og mobilitetstenester, og dei reisande - med andre ord ei digital plattform. Føremålet er å samle dagens fragmenterte teknologiske løysingar inn under ei felles digital plattform. Ei slik digital plattform vil gi unikt grunnlag for innsikt i kva som er faktisk bruk, samt nye tenestebehov, og på denne måten gjere det mogleg å levere smidige og effektive tenester til dei reisande. Felles plattform legg samstundes grunnlaget for å i større grad kunne gjennomføre fakta og datadrevne endringar i vårt tilbod, basert på innhaldet som straumar gjennom løysingane.

Datagrunnlaget til plattforma har tre grunnpilarar:

- Automatisk passasjerteljing,
- Sanntidsinformasjon frå operatør/transportmiddel og
- Salstransaksjonar mot kunde (billettar)

Det er ein føresetnad for å kunne levere moderne mobilitetstenester at vi har god kvalitet på informasjonen frå desse pilarane.

Skyss vil bygge vidare på allereie starta arbeid for å sikre kvalitet og tilgjenge til datagrunnlaget. Det er ei målsetning at arbeidet med den digitale plattforma skal legge til rette for effektivisering og innsparing i driftsbudsjettet.

#### *Forretningsmodellar og samarbeid med andre mobilitetsaktørar*

Det er mål på sikt å kunne tilby alle former for mobilitet samla til kunden. I løpet av 2021 vil Skyss greie ut forretningsmodellar som betre legg til rette for å tilby ei plattform for bestilling og betaling for mobilitetsløysingar. Gode modellar for deling av inntekt med andre mobilitetsaktørar vil også vere ein føresetnad for å kunne tilby løysingar på Skyss sin digitale plattform.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jf. pkt. 2.1 i delegasjonsreglementet, skal handsama saker om overordna planlegging og regional utvikling og fastsetja mål og strategiar for eiga verksemد.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Handlingsprogrammet omfattar tiltak som er innarbeidd i økonomiplanen. I tillegg vil enkelte tiltak kunne gi økonomiske effektar ut over gjeldande budsjettår, og som må innarbeidast i komande budsjettprosessar eller eigne vedtak.

**Klima:** Saka omhandlar ei rekke tiltak som vil redusere klimapåverknaden frå persontransport

**Folkehelse:** Saka er ei statusoppfølging av tiltak som vil ha positiv innverknad på folkehelsa

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Handlingsprogrammet byggjer på dei to gjeldande styringsdokumenta Kollektivstrategi for Hordaland og Regional transportplan for Sogn og Fjordane, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023.

#### Konklusjon

Handlingsprogram for kollektiv 2021 byggjer på dei to gjeldande styringsdokumenta Kollektivstrategi for Hordaland og Regional Transportplan for Sogn og Fjordane, med tilhøyrande handlingsprogram for 2020-2023. I denne saka vert det gitt ei samla gjennomgang av planlagde tiltak for 2021. Tiltak følgjer opp gjeldande handlingsprogram, samt politiske vedtak siste året.

Ny kollektivstrategi for Vestland er knytt opp mot Regional Transportplan, som etter planen skal vedtakast med handlingsprogram i desembertinget 2021.